



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		49856/2010/	Ingunn Bekken Sjøholm	14.10.2010

Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkesutval på NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering"

Møre og Romsdal fylkesutval behandla i møte 11. oktober 2010 ovannemnde sak, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering" sitt forslag om å overføre dagens statlege ansvar for hjelpemidlar til kommunen må avvisast.

Dei økonomiske utfordringane kommunane står overfor gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemidlar må vere uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi.

Staten bør i staden forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å bidra til å styrke ergoterapi- og rehabiliteringstenesta i kommunane, samt styrke vaktmeisterstenesta for reperasjon av hjelpemidla.

Likelydande vedtak vart også fatta av Rådet for likestilling av funksjonshemma den 15.09.2010, Folkehelseutvalet den 29.09.2010 og av Møre og Romsdal eldreråd den 23.09.2010.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordfører